



William Hut på Dønhaug i oktober 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Interessa for konserten til William Hut på Dønhaug førstkomande fredag, 18. januar, er svært stor. Faktisk er den så stor at alle billettane er førehandstinga. Magne Huglen har byrja å setja gjester på venteliste i høve nokre melder avbud.**

- Dette er flott – tenk at det er utseld ei veke før konserten, seier ein oppglødd Huglen. Men bergensaren med den fantastiske røysta, er då også ei spesiell oppleving og no er han ekstra aktuell ettersom han er nominert til Spellemannsprisen. Han likar å opptre i den intime atmosfæra på Dønhaug – siste gong var i oktober i fjor.

Huglen kan ellers opplysa at han har så godt som ferdigbooka arrangementa på Dønhaug for våren og sommaren og at han kan lova fleire verkeleg STORE artistnamn. Det er all grunn til å gleda seg!.

Av Ola Matti Mathisen